

Referat

## Møte i Kraftutvalet 19.11.2009

Stad: Kommunehuset i Vinje

Frammøtte: Olav Bjørn Bakken, Therese Hauger, Arne Vinje, Kjetil Fulsås, Thor Arne Heggtveit, Tor Strømme, Olav Urbø.

Forfall: Hans Kristian Lehmann

### Sak 35/09

Møteinnkalling: Det er gjort ein del endringar i representasjonen til Kraftutvalet. Både Therese Hauger og Olav Bjørn Bakken skal ha innkalling til møta i Kraftutvalet. I Vinje gjeng Tor Strømme inn som fast medlem og Børre Rønningen som vara for han. Aslak Ofte gjeng inn i utvalet i staden for Jorunn Hestmann. Vara for Ofte er Agnar Bratland. Vara for Arne Vinje er Tore Damberg.

Referat frå førre møte blei godkjent utan merknader.

Det var ingen kommentar til brevet som blei sendt til NVE.

Uttalen frå Telemark fylkeskommune til Forvaltningsplanen for Viken vest vassregion avgrensar seg til dei saksområda fylkeskommunen har direkte ansvar for, det vil sei samferdsel og kultur. Utover det er uttalen lite konkret. Revisjonssaka er ikkje særleg kommentert.

Arne Vinje orienterte frå møtet i LVK sitt revisjonsutval 18.10. På møtet blei status for revisjonssakene gjennomgått. Ein drøfta strategien vidare, spesielt overfor OED, men også overfor friviljuge organisasjonar som NNV og FRIFO. NNV har tidlegare vore mest opptekne av nye utbyggingar, men har nå også blitt meir merksame på potensialet for miljøbetring i eldre utbyggingar. Leiinga i FRIFO kjem til Vinje 7.12., og Arne Vinje vil da nemne arbeidet med vilkårsrevisjonen.

På møtet i LVK kom ein også inn på dekning av utgifter til fagleg hjelp under revisjonsprosessen. Tokke og Vinje kommunar sender brev til OED med utgangspunkt i revisjonssaka for Tokke-Vinjevassdraget. Arne Vinje vil forme eit utkast i samråd med Olav Urbø. LVK vil drøfte spørsmålet om ”klimavatnet” nærare med Aurakommunane.

### Sak 36/09

Brevet med spørsmål om hydrologiske vurderingar er teken vel imot i Statkraft. Statkraft sin hydrolog Axel Lang vil ta til å arbeide med saka så snart han er tilbake frå permisjon. Ei utgreiing skal vera klar ut på vinteren.

Det er ikkje lagt fram nokon rapport frå overvakingsprogrammet for 2009 ennå. Ein førebels rapport frå undersøking av algevekst kan tyde på at alle dei undersøkte vassførekomstane har god eller sær god økologisk tilstand, til og med i område som er påverka av kloakk. Karakteriseringsrettleiar for begroingsalgar er ikkje ferdig utarbeidd. Undersøkingar av botndyr kan tyde på at Tokkeåi har ein fattigare botndyrfauna enn i andre delar av vassdraget (Smørkleppåi, Tansåi). Me har ikkje fått resultatet

av dei kjemiske vassprøvene.

Helge Kiland hadde stilt spørsmål om kva avtala mellom Faun og kommunane dekker med omsyn til innspel i saker under vassdirektivet der kommunane er sektoransvarlege. Utvalet meinte spørsmål må rettast til vedkomande sektor, og at det er kommunen som må svare.

Kiland orienterte om registreringar av gytegroper med meir i Tokkeåi. Statkraft har gått med på å stø initiativet frå fiskelaget, men på grunn av mykje nedbør og stor vassføring er det likevel tvil om at undersøkingane blir gjennomført i haust. Meir undersøking av botndyrfaunaen er etterlyst, og Statkraft er også interessert i det.

Det blei stilt spørsmål om øreknyt. Det synes å vera på det reine at reguleringa neppe kan vera skuld i at ørekyta har kome til vassdraget, men spørsmålet om reguleringa kan ha gjort det lettare for ørekyta å spreie seg til andre vatn kan vera relevant. Ein viser til kravdokumentet.

Resultatet av registreringar i bekkekløftprosjektet blei teke til orientering. Linken til rapportane er sendt til arbeidsgruppa, men vil nå også bli sendt til Kraftutvalet.

### **Sak 37/09**

Eit grovt kostnadsoverslag for ny veg i Botnedalen er på ca 3,5 mill. Vilkåra for å få til ein ny veg synes å ligge i at Statkraft også ser eigennytten i ny veg. Olav Urbø viste til eit brev frå Tove A. Ålandslid, som meiner at det i reguleringskjetnet er nemnt at vegen i Botnedalen skal avhjelpe alle ferdselsvanskar både sommar og vinter, og at det i konsesjonen står at vegen skal vera open for fri bruk av ålmenta til evig tid.

I Reguleringsbestemmelser for ytterligere statsregulering av Tokke-Vinjevassdraget ved Kgl. Res. 26.6.1964 med seinare endringar står det i punkt 6 mellom anna: "Veger, bruer og kaier som anleggenes eier bygger, skal stilles til fri avbenyttelse for allmenheten, for så vidt at departementet finner at dette kan skje utan vesentlige ulemper for anleggene". Kva som er bestemt i reguleringskjetnet bør sjekkast nærare.

### **Sak 38/09**

Nytt utkast til revisjonskrav blei gått igjennom. Litt fleire prinsipielle vurderingar innleiingsvis i dokumentet blei etterlyst. Enkelte formuleringar med bør, skal, må og ønskjer bør vurderast nærare. Eit system med noter med referansar til viktige kjelder og grunnlagsdokument bør også med.

Det blei også stilt spørsmål om grunnlaget for at konsesjonen blei gjort evigvarande. Det er viktig å få dette korrekt. Det er eit rimeleg krav at også særavtala må gjerast evigvarande, som konsesjonen. Særavtala gjeld nå bare fram til 2017. Dei juridiske sidene ved dette bør sjekkast med LVK.

Konsesjonsavgifta blei innført som ei ulemperstatning for kommunane. Tokke og Vinje kommunar må krevje maksimalsats for avgiftene. Sjekk med Tinn kommune (Løvdøen).

Det var elles ein del mindre merknader, mellom anna på attgroing i Tveitevatn, Grungevatn og i Tokkeåi og på merking av skjer og grunnar i Songa.

**Sak 39/09**

Olav Bjørn Bakken orienterte om særavtala. Det er gjort ei avtale mellom kommunane og fylkeskommunen om fordeling av den krafta (inntil 10 %) som dei har høve til å gjera krav på. I nåverande avtale er det prognosen for forbruket i kommunane som blir lagt til grunn. Når kraftbehovet i følge prognosane er dekt, kan fylkeskommunen selje resten. Rauland kraftforsyningslag har hatt ein markert forbruksauke i sitt forsyningsområde, noko som gjer det vanskelegare for fylkeskommunen å oppfylle sine salsavtalar for kraft (har gjort avtale om sal av for mykje kraft). Etter 2010 er det reelt forbruk som skal leggest til grunn for kraftfordeling, ikkje ein forbruksprognose som i dag.

**Sak 40/09**

Kommunane ved Tokke kommune forlengar avtala med Faun naturforvaltning om hjelp under revisjonssaka i 2010.

**Eventuelt**

Neste møte i Kraftutvalet vil vera på Dalen 8.1.2010, kl. 09.00. Nærare møteplan for resten av året vil bli bestemt da.



Helge Kiland